



## Månadsbrev november 2023

Besøket frå Väike-Maarja Gymnaasium gjekk fint og fort, og det vart to innhaldsrike dagar med mykje vær. Litt regn gjorde ingen ting sjølv om det vart vel kaldt på Ørnereiret, og dei fotograferte og filma utsikt, spektakulære svingar og ein foss eller to. Alle engasjerte seg på haustsamlinga med brettspel og mat, og tusen takk til alle som ordna til og var vertskap! 17. oktober sprang og sprang elevane, og det vart 504 rundar til saman, noko som har ført til kr. 14 834,- til inntekt for TV-aksjonen så langt! Flott innsats for andre barn av valfagsgruppa og alle elevane! Dessverre blåste overnattingstur av, men nå satsar me på ein tørr og varm vår. Haustferie-SFO reiste til Rogaland teater og barnemuseet og hadde ein fantastisk dag, og trass kald vind, koste Tonstad og Sinnes SFO seg ved skulebua 25. oktober. Turen til friluftslivgruppa til Kvinen blei òg litt kald, men kjempefin. Idrettspatruljen underviste i handball, og den kulturelle skulesekken om andre verdskrig og identitet var lærerik og gjorde inntrykk. Mellomtrinnet feira Beintøft-premien med å vera dyreplassarar i Dyreparken ein dag, men kven som vart skremde eller åt for mykje snop på Halloweenfesten i gymsalen (mellomtrinnet) eller på grendehuset (ungdomsskulen), seier historia ingen ting om.

November bør bli ein god arbeidsperiode, og 10. klasse innleiar månaden med å visa kva dei kan i **Klassequizzen** onsdag 1. november kl. 08.40. Det er berre å benka seg rundt radioen! Neste dag blir det felles **idrettsdag** på Tjørhom for 1.-4. klasse i Sirdalsskulen og fredag 3. skal 9. klasse læra å **baka lefser** og kanskje jordeplekaker av Torbjørg Haugen gjennom den lokale kulturelle skule-sekken. 3. november er det **SU- og SMU-møte** på Sinnes og 7. **SUR-møte** på Tonstad. 8. november skal 10.-klassingane på **hospitering** i Lyngdal, Egersund, Bryne eller Sandnes, medan det er **arbeidslivstrening** 9.-10. november. Torsdag 9. november inviterer KONDUKTØRENE elevar på barnetrinnet til **ei kulturreise med toget** for å læra om jernbanen si utvikling i Noreg gjennom songar, rim og regler, lyd og bilete. 16. november kjem **idrettspatruljen** for siste gong, og 17. november er **planleggingsdag**, for då skal lærarane på Skolemøtet i Rogaland. SFO er stengt både 16. og 17. pga. **SFO-konferansen**. Det skjer altså litt av kvart denne månaden òg, før det plutseleg blir **julegrantenning** 27. og adventstid.

Før november er over skal elevane ha gjennomført Udir si **Elevundersøkinga** saman med læraren på skulen, og i år er det klart for **foreldre- og lærarundersøking** òg sidan det er tre år sidan sist. I tillegg bed me dykk svara på den lokale trivselsundersøkinga saman med ungen/ungane dykkar. Meir informasjon kjem på vekeplanen og i Visma, men dess fleire og meir utfyllande svar, dess meir informasjon får me om dei ulike temaa.

**HUGS skuleonsdag 15. november!**

Sinnes 31.10.23, Åse-Berit (rektor)

